
Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: tirsdag 15. desember 2020 14:24
Til: Odd Haugen
Kopi: Thomas Lindås
Emne: Sprenging og uttak av steinmassar i området som i kommuneplanen sin arealdel er sett av som friområde (Ekornsåta). Leirvågkrysset

Til Odd Haugen

Austrheim kommune savnar framdrift i denne saka. Arne Haugen kunne vera ansvarleg søker, fortalte du oss på møtet den 29. april 2020. Me viser til referat under frå møtet med deg og Austrheim kommune den 29.april 2020:

Referat frå møte mellom Odd Haugen Maskinstasjon AS ved Odd Haugen og Austrheim kommune den 29. april 2020 på kommunehuset

Stad: Møterom på Kantina

Til stades: Odd Haugen Maskinstasjon AS ved/ Odd Haugen, rådmann Liv Løvvik, kommunalsjef Thomas Lindås og avdelingsleiar Asbjørn Nagell Toft

Tema som vart drøfta var sprenging og uttak av steinmassar i området som i kommuneplanen sin arealdel er sett av som friområde (Ekornsåta). Dette området grensar til næringsområdet i Leirvågkrysset

Opplysingar:

Det var først naboar og turgåarar som reagerte på sprenginga og uttak av steinmassar i dette friområdet. Oppmålingsingeniør Alf Kvant har laga eit oversiktleg flyfotokart over området. Det viser eigedomsgrensene her, og at sprenging/masseuttak i friområdet er på om lag 1-1,5 dekar. Det er sendt skriv til Odd Haugen Maskinstasjon AS den 02.04.2020 og den 25.11.2019. Svaret frå Odd Haugen Maskinstasjon AS den 09.12.2019 på det første skrivet var ikkje tilfredsstillande etter Austrheim kommune sitt syn. Kommunen opplyste elles på møtet at Fylksmannen i Vestland passar på reguleringsplanar og vedtak vert følgt opp, det pliktar kommunen og å gjera.

Framover:

Austrheim kommune informerte om at forvalting og det juridiske i forhold til plan- og bygningslova vert styrande for den vidare sakshandsaminga med terrenngeinngrepet i friområdet ved Ekornsåta.

Fakta:

Det er ikkje lov utan løyve å sprenga og ta ut steinmassar som er gjort i dette friområdet. Kommuneplanen sin arealdel godkjent den 11. april 2019 styrer arealbruken her, tidlegare var det kommunedelplanen som vart godkjent i 2010 som styrte arealbruken her (friområde då og). Uttak av stein er nokre stadar opptil 15 meters djubde i friområdet. Kor mange kubikk det er teke ut frå friområdet, veit me ikkje enno, men det kan målast utifrå eldre og nye kart med høgdemålingar på.

Reguleringsplanen for Næringsområdet ved Leirvågkrysset viser kor det kan skje uttak av steinmassar, og kor det er regulert til vegetasjonskjerm omkring næringsområdet. Dette er på Odd Haugen sin eigedom. Området hans grensar i nord til friområdet som Austrheim kommune eig.

Odd Haugen viser til samtalar han hadde med teknisk etat i Austrheim kommune omkring år 2010. Han la fram ein eldre kart med farge på som viser korleis steinuttaket kunne verta for å ta omsyn til slepper i fjellet her og landskapet. Det Odd Haugen presenter på kartet var og eit slags makebytte.

Thomas Lindås informerte om at masseuttaket her hadde eit gammalt løyve. Det er naudsynt med eit nytt løyve her. Austrheim kommunen informerte at det er fire vegar vidare i saka :

1. Reguleringsendring med Odd Haugen som søker (utfallet usikkert)
2. Dispensasjonsøknad, Odd Haugen søker) (utfallet usikkert då reg. planen er relativ ny.
3. Ulovlegheitsoppfølging (krav om tilbakeføring/pålegg om retting med meir)
4. Ny byggjesøknad frå Odd Haugen må inn til Austrheim kommune. Nytt byggjeløyve på plass.

Saka må inn i lovlege former. Søknad må på plass med tilbakeføring av landskapet i friområdet og permanent sikring med gjerde mot bratte parti/farlege skjeringar i heile området. Søknad om tiltak må gjelda heile næringsområdet.

Odd Haugen sa kan kunne få Siv. Ing. Arne Haugen til å få på plass ein søknad med naudsynte ansvarsretta med. Tilbakeføring av friområdet må omhandlast i søknad og visast der. Det er eit delegert administrativt vedtak.

Austrheim kommune forstår at Odd Haugen har vore i god tru når uttak av stein utanfor det regulerte området til næring vart gjennomført. Det viktigaste no er at Haugen tilbakefører så godt det let seg gjera friområdet. Arbeidet som er byrja her må stoppast.

Frist:

Søknad må inn før sommarferien 2020. Arne Haugen kan vera ansvarleg søker. Byggjesøknad må gjelda heile området som er regulert, men og tilbakeføring av friområdet vert ein del av søknaden her. Terrengprofiler må visast, men og situasjonsplan av ferdig tiltak. Vegetasjon/beplanting i det regulerte vegetasjonsarealet omkring næringsarealet må også visast. Sikring av området og.

Anna:

Fint om vassleidning, fortau og midlar til infrastruktur kjem på plass ved Leirvågkrysset, men dette tek tid, difor må det som er nemnd over skje avhengig av dette.

Konklusjon:

Ansvarleg søker vert Arne Haugen på søknad om byggjeløyve. Ansvarsrettar på plass. Søknad må inn i løpet av 15. juni 2020. Politikarane må sjå ei skisse/situasjonsplan for arbeidet.

Tilbakemelding frå Odd Haugen innan 10. mai 2020 om Arne Haugen kan gjera ein prosjekteringsjobb her og stå som ansvarleg søker.

Asbjørn Nagell Toft
Referatskrivar

Austrheim kommune vonar du kan gi kommunen ein tilbakemelding på status i denne saka innan 22.12.2020. Send e-post til meg eller til e-post : post@austrheim.kommune.no.

Med venleg helsing

*Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar
(56162141)*